



# Førde kommune

Styre, råd og utval  
Formannskapet

Møtedato  
12.02.2015

Saksnr  
009/15

Sakshandsamar:  
Oddbjørn Sellevoll

Arkiv:  
FA-S10

Arkivsaknr.:  
14/1614


## Uttale frå Førde kommune - Høyring på Småkraftverk 8 søknader i Førde/Askvoll

### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.01.2015	201005583-14Høringsbrev småkraftpakke Askvoll-Førde med vedlegg.pdf	150205
15.01.2015	Kart småkraftpakke Førde og Askvoll	154854
15.01.2015	Anga kraftverk	153128
15.01.2015	Ervikselva	153129
15.01.2015	Hellevang kraftverk	153130
15.01.2015	Hundsåna kraftverk	153131
15.01.2015	Marka kraftverk	153132
15.01.2015	Stølselva kraftverk	153133
15.01.2015	Torvik kraftverk	153134
15.01.2015	Vassbrekka kraftverk	153135

### Bakgrunn for saka:

NVE har motteke søknadar om løyve til å byggje 12 småkraftverk i Askvoll, Førde og Naustdal. 8 av søknadane er i Førde kommune.



Oversynskart. Raude sirkalar syner søknader i Førde kommune.

Søknadane skal handsamast samtidig og samla belastning for regionen skal vurderast. Eit enkelt oversyn over dei ulike søknadane i Førde kommune går fram av tabellen under.

Søknad	Søklar	Effekt (MW)	Produksjon (GWh)	Stad i kommunen
Vassbrekka kraftverk	Vassbrekka Kraft AS	5,0	20,54	Botnen i Angedalen
Anga kraftverk	Anga kraft SUS	5,0	19	Ryggjabrua/ Eplehagen
Støselva kraftverk	Støselva kraft SUS	2,2	6	Indre Åsane
Hellevang kraftverk	Norges Småkraftverk AS	2,0	6,7	Hellevang
Marka kraftverk	Norges Småkraftverk AS	3,5	12,3	Solheimsdalen inntak i Gaular kommune
Ervikselva kraftverk	NK Småkraft AS	5,49	16,6	Solheimsdalen-Ervika
Torvik kraftverk	Torvik Kraft AS	3,6	11,9	Ervika
Hundsåna kraftverk	Nordkraft Vind og Småkraft AS	4,1	9,9	Askvoll med kraftstasjon i Førde

### Saksutgreiing:

Generelt har rådmannen ei positiv haldning til at lokale vassressursar kan nyttast til fornybar energi ved småkraftutbygging. Ein viktig føresetnad vil vere at grunneigar/ fallrettseigarane sine interesser er ivaretekne på ein god måte gjennom avtaler som er inngått. Det må gjerast ei heilskapleg vurdering av om fordelane ved utbygginga er større enn ulempene for lokalsamfunnet, ålmenta og andre samfunnsinteresser.

Alle dei 8 kraftverka er planlagt i område som i kommuneplanen sin arealdel er sett av til Landbruk- natur og friluftsområde (LNF). Alle vil produsere energi for vidareasal, og er difor ikkje i samsvar med LNF-formålet. Bygging krev såleis dispensasjon frå gjeldande arealplan. Vidare vil 3 av søknadane medføre tiltak i 100-metersbeltet langs sjø (byggjeforbodssona), noko som krev dispensasjon frå Plan- og bygningslova (PBL) § 1-8.

Rådmannen har merka seg at fleire av søknadane ikkje har avklaring på tilkopling til nett og at det er manglande kapasitet på fleire av dei planlagt nytta linene. Rådmannen legg til grunn, at NVE har med seg dette i sine vurderingar.

Om NVE gjev konsesjon etter § 8 i vassressurslova, vil kommunen måtte handsame den enkelte søknaden seinare etter ma. PBL. Den haldning kommunen har til søknadane no, bør såleis også vere retningsgjevande ved seinare handsaming.

Rådmannen vil gje ein kortfatta presentasjon av den enkelte søknad med rådmannen sine merknader/ kommentarar til desse. Samandrag av søknadane er frå NVE sitt høyringsbrev og kartutsnitt er henta frå søknadane. Rådmannen syner til den einskilde søknad for vurdering/ innsyn i tema som ikkje vert omtalt.

## Hundsåna kraftverk – Nordkraft Vind og Småkraft AS – Askvoll og Førde kommune



### Samandrag:

«Hundsåna kraftverk vil nytte eit fall på 277,5 m i Hundsåna med inntak på kote 282,5 og kraftstasjon i fjell på kote 5. Det er planlagt å regulere Hestvikvatnet 0,5 m mellom LRV på kote 282 og HRV kote 282,5. Vassvegen på om lag 370 m er planlagt som boret tilløpstunnel ned til konvensjonell drevet tunnel ved kraftstasjonen.

Tunnelmasser er planlagt deponert på dyrka mark vest for utløpet av Hundsåna i Hestvika. Det er planlagt permanent veg til kraftstasjonen som ein kort avkjørsel på omtrent 10 m frå Rv. 609. Ut over dette er det ikkje planlagt veg. Middelvassføringa er 565 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1700 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,1 MW og etter planane gje ein produksjon på 9,9 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1500 m lang elvestrekning i Hundsåna. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 20 l/s heile året.»

### Merknad:

Rådmannen meiner konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing (KU) skildrar dei faktiske tilhøva godt, og har ikkje ytterligare kjennskap/ informasjon knytt til dette området. I og med at både vassveg og kraftstasjon vert lagt i fjell, og tiltak ved inntak vert bygd utan veg, må dette seiast å vere ei utbygging med små landskapsinngrep.

Fossar er særst viktige landskapselement, og fossen ved fv 609 vil klart opplevast som endra ved ei utbygging. Ved minstevassføring vil det berre vere eit slør i fossen og periodane med slik vassføring vil bli lengre. Elva og fossen har i alle år vore eit risikomoment for trafikken på fv 609. Reguleringsmagasinet vil ha liten effekt på vassføringa ved flaum, men å køyre kraftverket med maksimal slukeevne vil bidra til å ta toppen av flaumvassføringa. Etter rådmannen sitt syn vil såleis samfunnsnyttan av å få dempa fossen vere større enn verdien fossen har som landskapselement.

Konsekvensar for brot på dam og trykkrør: Konklusjonen i søknaden er at dammen skal klassifiserast i konsekvensklasse 1. og trykkrør i klasse 0. I følge «NVE veileder til damsikkerhetsforskriften» 3 -2014 er konsekvensklasse 1 for infrastruktur/ samfunnsfunksjonar ma. knytt til «skader på mindre trafikkert veg». Rådmannen ber NVE vurdere om rett konsekvensklasse er tilrådd.

Rådmannen støttar tilrådingane i miljørapport- konsekvensvurdering (Rådgivende Biologer) om avbøtande tiltak.

## Hellevang kraftverk – Norges Småkraftverk AS – Førde kommune



### Samandrag:

«Hellevang kraftverk vil nytte eit fall på 103 m i Hellevangselva med inntak på kote 129 og kraftstasjon på kote 26.

Vassvegen på om lag 800 m er planlagt nedgrave/sprengt delvis i og langs eksisterande traktor-/kjerreveg. Det er planlagt med mellombels anleggsveg langs vassvegen som skal omgjerast til køyresterkt terreng. Eksisterande avkjørsel til kraftstasjonsområde må oppgraderast.

Middelvassføringa er 1141 l/s og kraftverket er planlagt med ei

maksimal slukeevne på 2400 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 2,0 MW og etter planane gje ein produksjon på 6,7 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 950 m lang elvestrekning i Hellevangselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 85 l/s i sumarsesongen og 45 l/s om vinteren.»

### Merknad:

Etter gjennomgang er det tre tilhøve knytt til denne søknaden som etter rådmannen sitt syn må ha ekstra merksemd. Det gjeld anadrom fisk, kulturlandskap/ kulturminne og støy.

I søknaden kjem det fram at absolutt vandringshinder for aure/ laks, er om lag 200 m oppstrøms planlagt kraftstasjon. Sona frå fjorden og opp til kraftstasjon/ utlaup er vurdert som mest verdfull. Slike mindre elvar som Hellevangselva er særst viktige for sjøaure. Foreslått minstevassføring samsvarar med tilrådinga frå biolog. Det er også tilrådd å montere omlaupsventil, men dette er det ikkje konkludert med i søknaden. Rådmannen meiner at det må stillast krav om omlaupsventil for å hindre tørrlegging nedstrøms kraftstasjonen ved utfall/ uventa stopp. Det går vidare fram at det er / har vore ål i elva, men det føreligg ikkje indikasjonar på at ål passerer vandringshinderet for anadrom fisk. Ål er ein raudlista art, vurdert som kritisk truga (CR).

Rådmannen ber NVE vurdere eit program for vidare undersøkingar og tiltak ved ei eventuell utbygging jfr. side 32 i vedlegg 1, rapport frå Bioreg AS.

Vest for kraftstasjonsområdet, på begge sider av fv 609, er det registret ein slåttemarkslokalitet. Lokaliteten er av biolog vurdert til i dag å ikkje lenger ha slik naturtypeverdi. Med lik avgrensing er området likevel vurdert som eit viktig kulturlandskap av kommunen (Rapport «Kjerneområde landbruk» 2012). På oppsida av vegen er delar av dette kulturlandskapsområdet tenkt nytta til rigg og deponi.

Traseen for røyrigata, nedre delar av tiltaksområdet vil gå gjennom eit eldre kulturlandskap/ kulturmiljø med eldre beitemark, steingardar og gamle tufter etter utløer/ sommarfjøs. Den vil og ligge ved/ delvis i / samt krysse ein eldre kjerreveg. Denne vegen er også eit viktig kulturminne. Søkjar legg opp til å tilbakeføre vegen, slik at den kan nyttast for traktor. Vegen vil etter ei eventuell utbygging bli vesentleg

endra. Det går fram av søknaden at ein i størst mogleg grad vil prøve å ta omsyn til kulturmiljøa ved utbygging, men det er ikkje fremma ei alternativ løysing. Rådmannen meiner traseen for røyr-gata er i konflikt med kulturminne/ kulturlandskap, og det bør utgreiast om traseen for røyr-gata kan flyttast nærmare elva.

Ut frå erfaring med tidlegare prosjekt, ser ein ofte at spesielt røyr-gatetrasear, etter utbygging, står fram som breie graskledde gater som skil seg ut frå vegetasjonen/ terrenget omkring. Etter rådmannen sitt syn må det stillast strenge krav til detaljprosjektering. Tilbakeføring av terreng og revegetering må krevjast, både for rigg-/ deponiområde og røyr-gate. Det må nyttast stadeigen vegetasjon.

Kraftstasjonen vil bli liggande relativt nær busetnad. Det må stillast krav om støydempende tiltak.

### Marka kraftverk – Norges Småkraftverk AS – Førde kommune



#### Samandrag:

«Marka kraftverk vil nytte eit fall på 470 m i Lysaelva/Markafossen med inntak på kote 708 og kraftstasjon på kote 238. Vassvegen på om lag 1376 m er stort sett planlagt med profilboring, men i ei strekning på om lag 36 m frå kraftstasjon til påhugg er det tenkt nedgraven røyr-gate. For tilkomst til kraftstasjonen er det planlagt 350 m ny permanent veg. Anlegget skal

elles byggast veglaust. Middelvassføringa er 460 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 890 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 3,5 MW og etter planane gje ein produksjon på 12,3 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2500 m lang elvestrekning i Lysaelva/Markafossen. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 25 l/s heile året.»

#### Merknad:

At vassveg i stor grad vert lagt i fjell, og tiltak ved inntak vert bygd utan veg, syner ynske om ei utbygging med små landskapsinngrep. Rådmannen meiner likevel vurderingar knytt til landskapet og brukarinteresser i søknaden ikkje er tilfredstillande. Vidare er det og manglande avklaringar kring eigedomstilhøve.

Både Markafossen, delar av elva ovanfor, og området der Lyseelva slepp seg ut frå fjellkanten (Blejamassivet nedstraums inntaket), er særmerkte landskapselement i dette området. Elva er synelege mange stadar frå fv 609 og frå grendene i området. Frå fjellet Fauskevarden, som er eit mykje nytta turmål, ser ein også store delar av dette vassdraget.

Det vert i søknaden synt til at området for planlagt kraftverk, ikkje er eit turistområde og at det også er lite nytta til lokalt friluftsliv. Fjella Bleja, Kvamshesten (Storehesten) og Litlehesten er alle mykje nytta turmål. Sjølv om planlagt inntak ligg i eit søkk i

terrenget, må ein ha med seg at det er plassert i eit ope fjellandskap. Inngrep i slike område krev stor aktsemd, då alle tiltak i slike områder gjev varige «sår». Ut frå tilgjengelege bilete, teke frå toppen av Storehesten, ser det også ut til at inntaksområdet er synleg herfrå.

Ei av turrutene som blir nytta til ovannemnde fjelltoppar byrjar frå Marka, i området ved kraftstasjonen. Denne følgjer delvis elva og kjem opp på fjellmassivet rett på sida av fossen og til planlagt inntaksområde. IST (Indre sunnfjord Turlag), har meir eller mindre årlege organiserte turar via denne ruta. Dette er ikkje den mest nytta ruta til dette fjellområdet, men det må takast omsyn til ved ei eventuell utbygging.

Minstevassføring etter utbygging vil vere avgjerande for korleis ålmenta vil oppleve Lyseelva og Markafossen som landskapselement. Rådmanne ber NVE vurdere om omsøkt minstevassføring, lik årleg middelevassføring i sommarhalvåret, er tilstrekkeleg av omsyn til landskapsbiletet. Rådmannen tilrår elles at avbøtande tiltak knytt til biologisk mangfald i rapport (2010:14) frå Bioreg AS, vert fylgde.

Planlagt inntak ligg i Gaular kommune. Dette kjem ikkje klart fram av søknaden, men det går fram av kartvedlegga. Det kjem heller ikkje fram om det er inngått avtale med grunneigarar i inntaksområdet, eller om eigedomstilhøva her er avklart.

Ut frå Høyringsbrevet til NVE, dagsett 19.11.2014, ser det heller ikkje ut til at Gaular kommune har motteke denne søknaden til uttale. Ut frå ovannemnde må NVE vurdere i kva grad grunnlaget for å fatte vedtak for denne søknaden er til stades.

### **Torvik kraftverk – Torvik Kraft AS – Førde kommune**



#### Samandrag:

«Torvik kraftverk vil nytte eit fall på 125 m i Ervikselva med inntak på kote 125 og kraftstasjon på kote 0. Vassvegen på ca. 830 m er planlagt med profilboring i øvre del og som nedgraven lausmassegrøft/kombinert grøft i nedre del. Det er planlagt om lag 300 m ny

mellombles anleggsveg langs røyrgata. Det vil ikkje verte behov for nye permanente vegar. Middelvassføringa er 1860 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3500 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 3,6 MW og etter planane gje ein produksjon på 11,9 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 830 m lang elvestrekning i Ervikselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 108 l/s i sumarsesongen og 80 l/s om vinteren.»

Merknad: Konkurrerande prosjekt med Ervikselva kraftverk. Sjå felles omtale neste søknad.

## Ervikselva kraftverk – NK Småkraft AS – Førde kommune



### Samandrag:

«Ervikselva kraftverk vil nytte eit fall på 178,5 m i Ervikselva med inntak på kote 198,5 og kraftstasjon på kote 20. Inntaket er planlagt ved utløpet av Øygardsvatnet som er planlagt regulert mellom HRV (høgste regulerte vasstand) på kote 198,5 og LRV (lågaste regulerte vasstand) på kote 197,5. Som ei alternativ

*utbyggingsløyising søkas det også om eit alternativ utan regulering av Øygardsvatnet. Vassvegen på om lag 2210 m er planlagt som kombinert borehull og nedgraven røyrgate. Det er planlagt om lag 700 m mellombels anleggsveg langs røyrkata. For tilkomst til kraftstasjonen er det planlagt 150 m permanent veg. Middelvassføringa er 1700 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3700 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 5,49 MW og etter planane gje ein produksjon på 16,6 GWh med regulering og 15,5 GWh utan regulering. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2400 m lang elvestrekning i Ervikselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 100 l/s i sumarsesongen og 80 l/s om vinteren.»*

### Vurdering/ merknad:

Ervikselva kraftverk og Torvik kraftverk er konkurrerande prosjekt. Rådmannen finn det difor rett å vurdere/ kommentere desse søknadane samla.

Etter gjennomgang av søknadane, finn rådmannen at begge alternativa er lite konfliktfylte i høve biologisk mangfald. For begge alternativa er det også same del av elva som truleg har størst biologisk verdi, dette er bekkekløfta/ bergvegg nedstrøms Avkjel-hammaren.

Ervikselva renn gjennom eit område som må seiast å vere mykje påverka frå før og delar av elva er lite synleg. Av dei mest synlege landskapselement vil det, sidan kraftstasjon er planlagt plassert på kote 0 for Torvik Kraftverk, vere fossen i utlaupet til Førdefjorden. For Ervikselva kraftverk, vil dette gjelde inntaksområdet i/ ved Øygardsvatnet. Kraftstasjon og utlaup er her planlagt på om lag kote 20, og vil såleis ikkje ha innverknad på elva/ fossen sitt utlaup i fjorden.

Ei utbygging frå Øygardsvatnet, slik som Ervikselva kraft søker om, er ei klart større utbygging, og vil såleis ha innverknad på større del av elva og meir omfattande arealbruk knytt til røyrgate og midlertidige og permanente vegar.

Samfunnsnyttan av dei ulike alternativa er eit viktig tema. Torvik Kraft AS omfattar ein grunneigar/ eigedom, medan Ervikselva kraft omfattar 6 grunneigarar/ eigedomar. Om Torvik Kraft får konsesjon, vil truleg ikkje fallrettane til dei 5 andre eigedomane kunne realiserast til kraftproduksjon.

Ervikselva kraftverk har søkt om to alternative utbyggingar, ei med regulering av Øygardsvatnet med 1 meter (alternativ 1) og ei utan regulering (alternativ 2). Av omsyn til Øygardsvatnet som landskapselement, i nærleiken av bustadar og tett på fv 609, meiner rådmannen et ei regulering av vatnet, og opp og ned demming vil vere skjemmaende for opplevinga av landskapet. Av søknaden går det fram at (avhengig av type turbin) skilnaden i produksjon vert om lag 1 GWh. Spørsmålet vert då om denne auken i produksjon har ein samfunnsnytte større enn dei landskapsmessige omsyna.

For begge søknadane vil kraftstasjon ligge tett på busetnad i Ervika. Støydempande tiltak må vere ein føresetnad.

Føreslått/ omsøkt minstevassføring, er mykje likt for begge søknadane.

Medan miljøvurderingane (Multiconsult) knytt til Ervikselva kraftverk konkluderer med at dette er tilfredsstillande, tilrår Bioreg As (Torvik kraft) at minstevassføring i sommarhalvåret bør aukast. Rådmannen ber NVE vurdere om det bør stillast krav om auka minstevassføring i sommarhalvåret.

Etter ei samla vurdering av begge søknadane, finn rådmannen at om det skal gjevast konsesjon til kraftutbygging i Ervikselva, så må den gjevast til det tiltaket med mest samfunnsnytte både lokalt, regionalt. Rådmannen tilrår difor at ein eventuell konsesjon her, må gjevast til Ervikselva Kraftverk.

### Støselva kraftverk – Støselva Kraft SUS – Førde kommune



#### Samandrag:

«Støselva kraftverk vil nytte eit fall på 310 m i Støselva med inntak på kote 445 og kraftstasjon på kote 135. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1400 m lang elvestrekning i Støselva. Vassvegen på om lag 1400 m er planlagt nedgraven/nedsprengd på heile strekninga. Det er planlagt ein 40 m lang ny veg fram til inntaket og 200 m ny veg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 450 l/s og kraftverket er planlagt med ei

maksimal slukeevne på 850 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 2,2 MW og etter planane gje ein produksjon på 6 GWh. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 20 l/s heile året.»

#### Merknad:

Med bakgrunn i søknaden, finn rådmannen det viktig å informere om at for akkurat dette området, har det skjedd relativt store endringar sidan søknaden og rapport om biologisk mangfald blei utarbeida. Den største landskapsmessige endringa er at Kraftlina Ørskog-Fardal no er bygd og kryssar gjennom tiltaksområdet. I samband med bygging av kraftlina er også store delar av vegen på vestsida av elva, som skal nyttast som del av tilkomst til inntak, oppgradert til bilveg. Ny bru over elva er bygd +




om lag 200 m ny bilveg på austsida.

På nedsida av vegen, i området der brua kryssar elva, er det eit mastepunkt og det er rydda gate (tilnærma snauhogd) på begge sider av elva like ned til vegen som går til Slåttene. Dette har m.a. medført at den omtalte nøkklebiotopen (MiS), der det mellom anna vart registrert gubbeskjegg, no er hogd.

Rådmannen har elles ikkje særskilde merknader til denne søknaden og meiner tiltaket kan gjennomførast som omsøkt.

Rådmannen tilrår likevel at forslag til avbøtande tiltak i rapport om biologisk mangfald vert vurdert å følgje, så langt dei framleis er relevante.

### Anga kraftverk – Angakraft SUS – Førde kommune



#### Samandrag:

«Anga kraftverk vil nytte eit fall på 56 m i Anga med inntak på kote 79 og kraftstasjon på kote 23. Vassvegen på om lag 1100 m er planlagt nedgraven/nedsprengd på heile strekninga. Det er planlagt ein 50 m lang ny veg fram til inntaket og eksisterande veg til kraftstasjonsområde må oppgraderast. Middelvassføringa er 8100 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 12500 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 5 MW og etter

planane gje ein produksjon på 19 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1100 m lang elvestrekning i Anga. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 900 l/s heile året.»

#### Merknad:

Av omsyn til landskap og elva som landskapselement, vurderer rådmannen omsøkt utbygging som lite konfliktfylt. Elva ligg her relativt djupt i terrenget, og er med unntak av små soner, ikkje synleg frå vegen korkje på Hjelle eller Tefre. Rådmannen har heller ikkje inntrykk av/ eller kjennskap til at denne delen av elva er mykje nytta til friluftaktivitetar. I og med at rørgata i stor grad vil liggje i dyrka mark, vil også dei synlege endringane etter anleggsfasen vere minimale. Elvebredda er i hovudsak skogkledd, truleg vil noko av denne skogen, spesielt ved inntak/ første del av rørgatetraseen måtte hoggast. Kantvegetasjonen har ein viktig økologisk funksjon. Revegetering i desse områda bør også då vere lauvskog.

Rådmannen finn at det er fire tilhøve ved ei eventuell kraftutbygging her, som må ha ekstra merksemd. Dette gjeld innverknad på anadrom strekning nedstrøms kraftstasjon, elva oppstrøms inntak og bruken her til utsetjing av lakseyngel og planta augerogn (jølstrastamme), støy frå kraftstasjonen, og at nedre delar av rørgatetrassen kan kome i kontakt med ein eldre søppelplass.


Det går ikkje fram av søknaden at det føreligg planar om omlaupsventil ved kraftverket, men det er tilrådd i rapport om biologisk mangfald. Med bakgrunn i at elva lenger nede har anadrom fisk, meiner rådmannen at det må stillast krav om omlaupsventil for å unngå tørrlegging lenger nede i elva ved utfall/ uventa stopp. Det vil og vere særst viktig at det ved eventuell bygging, vert gjort tiltak som hindrar tilslamming/ ureining av elva i anleggsperioden.

Det er lagt ned relativt store ressursar i utsetting av fiskeyngel og rogn av jølstralaks i områder oppstrøms inntaket. Poenget med dette arbeidet er at denne fisken som smolt (smoltifisering) er klar for utvandring til saltvatn. Den slepper seg då ned elva i stimar. Inntaksområdet vil då kunne bli ei utfordring. Rådmannen meiner NVE må krevje løysingar for inntak, terskel, som gjev gode tilhøve for at smolten kjem seg vidare ned gjennom vassdraget. Tiltak som hindrar at fiskeyngel/ smolt vert ført inn i rør og turbinar er avgjerande.

Kraftstasjonen si plassering tett på større bustadfelt, krev gode støydempande tiltak.

Rådmannen har ikkje fullstendig oversikt over kor stort område den gamle søppelfyllinga dekker, men siste del av røyrgata før kraftstasjonen vil truleg kome i konflikt med denne. Eventuelle konsekvensar kring dette må avklarast/ greiast ut.

### Vassbrekka kraftverk – Vassbrekka Kraft AS – Førde kommune



#### Samandrag:

«Vassbrekka kraftverk vil nytte eit fall på 162 m i Stoelva med inntak på kote 392 i Stoelva og kote 392 i Anga, samt kraftstasjon på kote 230. Vassvegen på om lag 2800 m er planlagt nedgraven/ nedsprengd på heile strekninga. For tilkomst til inntaket i Anga er det planlagt bygging av 200 m veg. Middelvassføringa er 2500 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3750 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5 MW og etter planane gje ein

produksjon på 20,5 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2500 m lang elvestrekning i Anga, og 300 m lang elvestrekning i Stoelva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 150 l/s i perioden 01.05-30.09. Resten av året er det planlagt slepp av minstevassføring på 110 l/s.»

#### Merknad:

Etter gjennomgang av søknad, finn rådmannen at omsøkt utbygging er lite konfliktfylte i høve naturmiljø/ biologisk mangfald. Rådmannen vurderer at det for denne utbygginga er tilhøve til landskapsbiletet og friluftsliv som krev merksemd. Området er mykje nytta til ålment friluftsliv. Vegane på begge sider av elva er

populære turvegar, både for gåande og syklande, som ein rundtur, og som tilkomst til Botnavatnet. Vegane er og del av rutene til dei ulike fjelltoppane i kring. Området er også innfallsporten frå Førde til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Rute til Longevasshytta går opp i nærleiken av inntaket i Stoelva/Slettebotselva. Der kraftstasjonen er tenkt plassert er det ein flott badekulp.

I anleggsperioden vil utbygginga opplevast negativt for ålmenta sin bruk av området. Det viktige her, vil likevel vere korleis området står fram i driftsfasen. Det skal leggst eit omfattande rørsystem fram til kraftstasjon, gatene for desse vil bli synlege sjølv med revegetering. Tilbakeføring av opphavleg terreng så langt det let seg gjere og revegetering med stadeigen bakkevegetasjon, gjerne også holtar med skog i røyrгатetraseane, vil vere særst viktig. Ein auke i minstevassføringa i sommarhalvåret vil også bidra positivt for landskapsbiletet.

Rådmannen er kjend med at kulpen ved planlagt kraftstasjon er nytta til bading av lokalbefolkning, ein kan ikkje sjå bort frå at også andre som er på tur i området nyttar denne etter ein rundtur/ fjelltur i området. Av omsyn til bruk og potensiell bruk av kulpen, bør det vurderast om det omsøkte alternativet er tilfredsstillande, eller om det er ei betre løysing å flytte stasjon og utlaup noko lenger opp i elva. Både for visuell oppleving av området og uroande støy frå kraftstasjonen.

#### **Oppsummering:**

Rådmannen har ei positiv haldning til at lokale vassressursar kan nyttast til fornybar energi ved småkraftutbygging. At fordelane ved utbygginga er større enn ulempene for grunneigar, lokalsamfunn, ålmenta og andre samfunnsinteresser er då viktige føresetnader.

Alle dei 8 kraftverka er planlagt i område som i kommuneplanen sin arealdel er sett av til Landbruk- natur og friluftsområde (LNF). Bygging krev såleis dispensasjon frå gjeldande arealplan.

Rådmannen har merka seg at fleire av søknadane ikkje har avklaring på tilkopling til nett og at det er manglande kapasitet på fleire av dei planlagt nytta linene. Rådmannen legg til grunn, at NVE har med seg dette i sine vurderingar.

Hundsåna kraftverk – Nordkraft Vind og Småkraft AS – Askvoll og Førde kommune:  
Utbygging med små landskapsinngrep. Fossen er eit viktig landskapselement, men samfunnsnyttan, knytt til å få dempa flaumtoppane som vonleg vil betre tilhøva for trafikken på fv 609, vert vurdert større. Konsekvensklasse på dam må vurderast. Rådmannen støttar tilrådingane i miljørapport- konsekvensvurdering (Rådgivende Biologer) om avbøtande tiltak.

#### Hellevang kraftverk – Norges Småkraftverk AS – Førde kommune:

Anadrom strekning, gjev grunn til å stille krav om omlaupsventil. Rådmannen ber NVE vurdere program for vidare undersøkingar. Kulturlandskap og kulturmiljø må ivaretakast så langt som råd. Tilbakeføring av terreng og revegetering med stadeigen vegetasjon og vurdering av om traseen for røyrгата kan flyttast. Viktig med støydempende tiltak på kraftstasjon.

#### Marka kraftverk – Norges Småkraftverk AS – Førde kommune:

Råka elvestrekning er i stor grad eit synleg landskapselement. Inntak er plassert i eit ope fjellandskap, inngrep blir varige. Tursti/rute langs elva som kjem opp på fjellet

ved elva og inntaket. NVE må vurdere om omsøkt minstevassføring i sommarhalvåret, er tilstrekkeleg av omsyn til landskapsbiletet. Manglar avtale med grunneigarar og avklaring på eigedomstilhøve ved inntaket i Gaular kommune. Har Gaular kommune motteke denne søknaden til uttale? NVE må vurdere i kva grad grunnlaget for å fatte vedtak for denne søknaden er tilstade. Rådmannen tilrår at avbøtande tiltak knytt til biologisk mangfald i rapport (2010:14) frå Bioreg AS, vert fylgde.

#### Torvik kraftverk – Torvik Kraft AS og Ervikselva kraftverk – NK Småkraft AS – Førde kommune:

Konkurrerende prosjekt. Søknadane vurdert samla. Lite konfliktfylte i høve biologisk mangfald. Størst biologisk verdi er truleg knytt til bekkekløfta/ bergvegg nedstraums Avkjel-hammaren. Mest synleg landskapselement: Torvik kraftverk, fossen ved utlaupet til Førde fjorden. Ervikselva kraftverk, inntaksområdet ved Øygardsvatnet. Torvik Kraft AS omfattar ein grunneigar/ eigedom, Ervikselva kraft omfattar 6 grunneigarar/ eigedomar. Om Torvik Kraft får konsesjon, vil truleg fallrettane til dei 5 andre eigedomane ikkje kunne realiserast til kraftproduksjon. Ervikselva kraftverk to alternative utbyggingar: Regulering av Øygardsvatnet med 1 meter (alternativ 1) og utan regulering (alternativ 2). Rådmannen tilrår alternativ 2. Ulik vurdering av minstevassføring for sommarhalvåret i dei to rapportane om biologiske tilhøve. NVE må vurdere om det bør krevjast auka minstevassføring på sommaren. Samla vurdering og samfunnsnytte gjer at rådmannen tilrår at ein eventuell konsesjon, må gjevast til Ervikselva Kraftverk.

#### Støselva kraftverk – Støselva Kraft SUS – Førde kommune:

Etter rådmannen sitt syn ei lite konfliktfylt utbygging. Store landskapsmessige endringar sidan søknad blei utarbeida, knytt til linebygging og vegar (Ørskog-Fardal).

#### Anga kraftverk – Angakraft SUS – Førde kommune:

Av omsyn til landskap, ei lite konfliktfylt utbygging. Røyrgate vert i hovudsak liggande i dyrka mark. Lett å revegetere og lite synleg. Revegetering med lauvskog i kantsone mot elva. Anadrom strekning nedstraums kraftstasjon. Krav om omlaupsventil for å unngå tørrlegging lenger nede i elva ved utfall/ uventa stopp. Elva oppstraums inntak nytta til utsettjing av lakseyngel og planta augerogn (jølstrastamme). Inntak og terskel, utfordring for stimar av smolt på veg ned elva ved utvandring til sjø. NVE må krevje løysingar for inntak, terskel, som gjev gode tilhøve for at smolten kjem seg vidare ned gjennom vassdraget, samt tiltak som hindrar at fiskeyngel/ smolt vert ført inn i rør og turbinar. Kraftstasjonen si plassering tett på større bustadfelt, krev gode støydempende tiltak. Potensiell konflikt mellom gamal søppelfylling og røyrgate må avklarast.

#### Vassbrekka kraftverk – Vassbrekka Kraft AS – Førde kommune:

Lite konfliktfylte i høve naturmiljø/ biologisk mangfald. Kan vere utfordrande tilhøve knytt til landskapsbiletet og friluftsliv. Området er mykje nytta til ålment friluftsliv. Populære turvegar, for gåande og syklande og tilkomst til Botnavatnet. Start på ruter til mange fjelltoppar i kring. Innfallsporten frå Førde, til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Rute til Longevasshytta. Kraftstasjonen er tenkt plassert ved ein kulp/ badekulp. Omfattande trase for rørgater. Tilbakeføring av opphavleg terreng så langt det let seg gjere og revegetering med stadeigen bakkevegetasjon, gjerne også holtar med skog i røyrgetetraseane. Ein auke i minstevassføringa i

sommerhalvåret vil bidra positivt, for landskapsbiletet. Kulpen ved tenkt kraftstasjon vert nytta til bading. Det bør vurderast om det omsøkte alternativet er tilfredsstillande. Alternativ løysing å flytte stasjon og utlaup noko lenger opp i elva.

### **Samla belastning:**

Etter gjennomgang av alle søknadane, er det rådmannen sitt intrykk at belastning på biologisk mangfald/ naturmiljø, i den enkelte søknad, ikkje er av eit større omfang enn det som let seg ivareta gjennom avbøtande tiltak. Ein må då tru at dette også gjeld samla.

Rådmannen ser at det er to områder som skil seg ut. Det er 5 søknader innanfor eit relativt lite område i Hellevang/ Solheimsdalen, og det er to søknader i elva Anga.

Hellevang kraftverk og Marka kraftverk er i same vassdraget, men er ikkje konkurrerende, slik Torvik- og Ervikselva kraftverk i Ervikselva er. Ei utbygging av alle omsøkte tiltak her, vil ha landskapsmessige konsekvensar og kan såleis i større grad vere meir negativt for ålmenta, enn kvart enkelt tiltak. Marka kraftverk vil også ha «relevant» innverknad på INON (Inngrepsfri natur).

I elva Anga vil ei realisering av begge tiltaka, medføre at det samla vert redusert vassføring på 3 600 meter i hovudvassdraget. Det er vanskeleg å ta stilling til om dette i lag med eventuelle framtidige utbyggingar i Anga er akseptabelt.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Førde kommune rår til at dei merknader som går fram av rådmannen si saksutgreiing, datert 3.2.15 vert lagt til grunn i NVE si handsaming av konsesjon.

### **Handsaming i Formannskapet 12.02.2015:**

Epost frå Kenneth Nakken av 11.02.15 vart lagt fram på møte.

Ordførar Olve Grotle (**H**) gjorde framlegg om følgjande tillegg i framlegg til vedtak: «Førde kommune er svært positiv til utbygging av småkraftverk i kommunen»

Repr. Bjørn Harald Haugsvær (**KrF**) gjorde framlegg om følgjande tillegg i framlegg til vedtak:

Pkt. 1:

«For Ervikselva kraft bør det vurderast å gje løyve til regulering av Øygardsvatnet (alternativ 1)»

Pkt. 2:

«Førde kommune rår til at det vert gitt konsesjon for desse kraftverka:

Vassbrekka kraftverk

Anga kraftverk

Stølselva kraftverk

Hellevang kraftverk  
Marka kraftverk  
Ervikselva kraftverk  
Hundsåna kraftverk»

Repr. Bodil Kidøy Lunde (H) gjorde framlegg om følgjande tillegg i framlegg til vedtak:

«Vi oppmodar rådmannen om å gå gjennom høyringsuttalen og gjere den meir balansert og få fram samfunnsnyttan i utbyggingane.»

Repr. Steinar Strømsli (AP) la fram slikt forslag til vedtak:

Vi stryk setninga «Rådmannen tilrår alternativ 2», side 12 i saksutgreiinga.

### **Avrøysting:**

Bodil Kidøy Lunde (H) sitt framlegg fekk 2 røyster (Lunde og Fossen) og fall  
Bjørn Harald Haugsvær sitt framlegg pkt. 1 fekk 4 røyster (Haugsvær, Lunde, Grotle, Fossen) og fall

Alternativ avrøysting over framlegg frå Steinar Strømsli (AP) og rådmannen sitt framlegg i høve dette punktet :

Rådmannen sitt framlegg fekk 2 (Vallestad og Taule) røyster og fall  
Strømsli sitt framlegg fekk 7 røyster og vart vedteke

Deretter vart det røysta over framlegget frå ordføraren saman med framlegg frå Bjørn Harald Haugsvær (pkt. 2):

Framlegga vart vedtekne med 8 mot 1 røyst (Vallestad)

Deretter vart det røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak i saka og rådmannen sitt framlegg med vedtekne endringar:

Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst (Vallestad) og fall

Rådmannen sitt framlegg med vedtekne endringar fekk 8 røyster og vart vedteke

### **FORM-009/15 Vedtak:**

Førde kommune rår til at dei merknader som går fram av rådmannen si saksutgreiing, datert 3.2.15 vert lagt til grunn i NVE si handsaming med desse korrigeriane::

1. Setninga «Rådmannen tilrår alternativ 2», side 12 i saksutgreiinga vert strøken
2. Førde kommune er svært positiv til utbygging av småkraftverk i kommunen  
Førde kommune rår til at det vert gitt konsesjon for desse kraftverka:  
Vassbrekka kraftverk  
Anga kraftverk  
Stølselva kraftverk  
Hellevang kraftverk  
Marka kraftverk  
Ervikselva kraftverk  
Hundsåna kraftverk

Førde, den 03.02.2015

Ole John Østenstad  
Rådmann

Odd Harry Strømsli  
Plan- og byggesjef  
Tlf. 57612723